



# FORELDREINFO MAI 2021



- Referat frå SU/SMU 05.05.21 finn du [her](#)
- Valmøte 11.05.21. Tusen takk til Kari Hilde Hellestø for innsatsen som FAU leiar i 20/21! Skulen vil også takka dykk som har vore klassekontaktar og medlemmar i FAU dette skuleåret! Marlen Vikeså Allen er veld til ny FAU leiar for 21/22.
- Vara-klassekontakt rykker opp til klassekontakt og FAU-medlem. Avtroppande klassekontakt melder inn nye vara til rektor før sommarferien.



1.-4.trinn hadde si eiga 17.mai-feiring den 11.mai. Toget gjekk frå skulen og ned til omsorgssenteret, før leiker og aktivitetar oppe ved hallen. For 1. og 2. trinn var det første gong dei gjekk i skuletog. Fana fekk lufta seg, og gode gamle 17.mai-songer vart sunge av full hals til glede for bebuarane på omsorgssenteret. Ein flott dag for store og små!



## Førskuledag

22 spente 5-, og 6-åringar var på førskuledag den 26.05. Dei har vore på innskriving i november, så heilt nytt var det ikkje med skule. Men denne gong skulle dei vera utan mor og far, og få ha friminutt, oppgåveark og samling i lyttekrok. For oss på skulen er det eit av høgdepunkta i året å få treffe førskuleborna som skal gå frå størst til minst til hausten, og me gler oss til å ta imot dei 1.skuledag i august.

Vi går inn i siste skulemånad på grønt nivå. Det er flott å kunne blanda elevane på tvers av trinn att.

Vi har og fått grønt lys for 10.klassefest – det er vi glade for! Alt i alt er det mykje som skjer, og mykje som no ser lysare ut. Ønsker alle ein god innspurt fram mot sommarferien!

Mvh Svanhild Gjødrem - rektor

## Nye 8.trinn

Sjølv om dei er eldre er det ein spennande overgang og for elevane som skal opp i 8.trinn. Elevane frå barneskulane kjem på besøk den 04.06. Dei skal då få vite klasseinndeling og kontaktlærer og bli litt betre kjent som 8A og 8B.



## Helsing frå politikontakten

Svanhild Wetteland-Skåra er politikontakt i Bjerkreim, og har jamnlege møter med skulane og andre for å ha kjennskap til kva som rører seg i kommunen. Ho har skriva eit informasjonskriv ang. barn og køyring med ulike køyretøy som me oppfordrar dykk til å lese. De finn dette på [kommunen si heimeside](#).



## Sommarles!

Info frå biblioteket:

*Sommarles.no er ein nettbasert lesekampanje og er laga for å motivere barn til å lese av eiga lyst. Detskal vere gøy å vere med!*

*Barn som les jamleg i løpet av sommaren, styrkar leseferdigheitene sine gjennom ein lang ferie. Nokre les på fritida, men vi veit at dei barna som ikkje gjer det, stiller med eit dårlegare utgangspunkt ved skulestart. Vi håpar at de vil hjelpe oss med å motivere barna til å vere med på Sommarles.no. Det er ein fin aktivitet uansett kvar de skal feriere i sommar. Ta turen innom [altom.sommarles.no](#) for meir info.*

HUGS INNSAMLINGSAKSJON  
7.-11.JUNI

Sjå Bjerkreimsnytt eller heimesida for meir info.

